



## Overordna plan for Den interkommunale flyktingtenesta for Skodje og Ørskog kommunar i perioden 2015 – 2018

Vedteken av Skodje kommunestyre 16.06.15 og Ørskog kommunestyre 18.06.15



**Omhandlar arbeidet med busetjing og integrering av flyktingar**



## Innholdsliste

Vedtak i kommunestyra .....	s. 5
1.Samandrag .....	s. 6
2. Innleiing .....	s. 6
3. Omgrepsavklaringar .....	s. 7
4. Innvandrara i Skodje og Ørskog .....	s. 8
5. Plan for flyktingarbeidet .....	s. 8
6. Organisering .....	s. 9
6.1. Barnehagar.....	s. 10
6.2. Grunnskular .....	s. 10
6.3. Vaksenopplæring .....	s. 11
6.4. Frivilligsentralen, frivillege lag og organisasjonar .....	s. 11
6.5. Helseavdelingane .....	s. 11
6.6. NAV .....	s. 12
6.7. Flyktingtenesta .....	s. 13
6.8. Kommunale bustader .....	s. 13
6.9. Utfordringar for den interkommunale flyktingtenesta .....	s. 15
6.10. Mål for perioden 2015-2016 .....	s. 15
7. Meir om dei ulike kommunale tenesteeiningane sitt arbeid .....	s. 16
7.1. Barnehagetilbod .....	s. 16
7. 2. Grunnskuleopplæring .....	s. 17
7.3. Vaksenopplæring .....	s. 19
7.4. Grunnskuleopplæring for vaksne .....	s. 20
7.5. Introduksjonsprogrammet .....	s. 22
7.6. Språkpraksis .....	s. 25
7.7. Arbeidspraksis .....	s. 25
7.8. Kultur og fritid .....	s. 26
7.9. Helseavdelingane .....	s. 27
7.10. Flyktingtenesta .....	s. 30
7.11. Bustad og busetjing .....	s. 31
7.12. Økonomiske rammer .....	s. 33
7.13. Langsiktige mål for fireårsperioden .....	s. 34



## Planen er vedteken

### I Skodje kommunestyre 16.06.15 sak 41/15 med følgjande ordlyd:

1. Overordna plan for Den interkommunale flyktningtenesta for Skodje og Ørskog kommunar i perioden 2015 – 2018 vert vedteke.
2. Det skal busetjast minimum fem flyktningar kvart år i planperioden. Familiegjenforeining kjem i tillegg.
3. Kommunen sikrar bustad (eig eller leigd) til flyktningane i samsvar med mål for 2015 – 2016 kap. 7.11 i overordna plan for interkommunale flyktningtenesta for Skodje og Ørskog.
4. Bustadsosial handlingsplan må rullerast med tanke på tilrettelegging og realisering av bustadar til denne gruppa.
5. For kvar flyktning/flyktningfamilie skal det utarbeidast individuell plan, som skal innehalde både individuell opplærings plan og individuell busetjingsplan.
6. Det er eit overordna prinsipp at kommunen sine inntekter knytt introduksjonsprogrammet skal refunderast ut til tenesteeiningane som yter tenester til flyktningane.
7. Det skal etableras faste samarbeidsfora mellom flyktningutvalet, flyktningtenesta og dei einingane som yter tenestert il flyktningane.
8. Det skal leggst til rette for, - også økonomisk – at flyktningane kan ta del i kulturelt og frivillig arbeid i lag og organisasjonar.
9. Vaksenopplæringa skal ha som mål at dei i slutten av planperioden skal kunne tilby grunnskuleopplæring og opplæring i norsk på eit høgare nivå enn i dag

### I Ørskog kommunestyre 18.06.16 sak 47/15 med følgjande ordlyd:

1. Overordna plan for Den interkommunale flyktningtenesta for Skodje og Ørskog kommunar i perioden 2015 – 2018.
2. Det skal busetjast minimum fem flyktningar kvart år i planperioden. Familiegjenforeining kjem i tillegg.
3. Det skal kjøpast eller byggast 4 til 6 bustader som flyktningane kan leige i inntil tre år frå busetjing, - og kommunestyret ber administrasjonen kome tilbake med eiga sak om dette til hausten.
4. For kvar flyktning/flyktningfamilie skal det utarbeidast individuell plan, som skal innehalde både individuell opplæringsplan og individuell busetjingsplan.
5. Det er eit overordna prinsipp at kommunen sine inntekter knytt introduksjonsprogrammet skal refunderast ut til tenesteeiningane som yter tenester til flyktningane.
6. Det skal etablerast faste samarbeidsfora mellom flyktningutvalet, flyktningtenesta og dei einingane som yter tenester til flyktningane.
7. Det skal leggst til rette for, - også økonomisk –at flyktningane kan ta del i kulturelt og frivillig arbeid i lag og organisasjonar.
8. Vaksenopplæringa skal ha som mål at dei i slutten av planperioden skal kunne tilby grunnskuleopplæring og opplæring i norsk på eit høgare nivå enn i dag.

## **1. Samandrag**

Ørskog kommune starta busetting av flyktningar i slutten av 2013, Skodje i slutten av 2014. Dei to kommunane inngjekk frå 01.01.15 eit interkommunalt samarbeid om felles flyktingteneste.

Flyktingtenesta er samansett av mange ulike tenestetilbod og krev mykje koordinering av flyktingkonsulentane. Erfaring så langt viser at det bør setjast inn tiltak for å sikre samarbeidet og informasjonsflyten mellom dei ulike aktørane som arbeider med flyktingane.

Kommunane bør prioritere å bruke ressursar i ei tidleg fase av introduksjonsordninga for på den måten å prøve å unngå dyrare løysingar i etterkant. Til dømes vil god opplæring i språk gjere at det vert enklare å ta utdanning eller kome seg i arbeid, - og god kunnskap om å bu i norske husvere vil kunne hindre kostbar renovering i ettertid.

I både Skodje og Ørskog har ein til no satsa på sentrumsnær busetting av flyktingane, - først og fremst utifrå kva som har vore ledig av bustadar, men også utifrå eit praktisk spørsmål i høve kommunikasjon og tilgjenge til buss, barnehage, skule og vaksenopplæring. Også i framtida bør kommunane tilby flyktingane sentrumsnære husvere så lenge dei er med i introduksjonsprogrammet. Men når flyktingane skal flytte til eigne leigde eller eigde bustadar, bør ein legge til rette for ei desentralisert busetjing. Det vil føre til betre integrering i nærmiljøet dersom ikkje alle flyktingane er busette i same område.

## **2. Innleiing**

Skodje og Ørskog kommunar har førebels lite erfaring når det gjeld busetjing av flyktningar. Det siste to åra har det vore vedteke å busetje til saman 21 flyktningar. I tillegg har det vore fleire familiegjenforeiningar. Dei busette flyktingane kjem frå Somalia, Sudan og Eritrea. Pr 01.05.15 bur det 15 flyktningar i Skodje og 20 i Ørskog.

Busetjing av flyktningar skjer i samarbeid med Integrerings og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som årleg oppmodar kommunane om å busetje flyktningar. Oppmodinga vert handsama årleg i kommunestyret, og i mars vedtok ein i dei to kommunane å busetje 5 flyktningar kvar i 2015, - i tillegg kjem familiegjenforeining.

Det vart også vedteke å lage ein felles flyktingplan. Planen er utarbeidd av det felles flyktingutvalet for Skodje og Ørskog. Medlemmar der er assisterande rådmann i Skodje, kommunalsjefen i Ørskog og dei to flyktingkonsulentane. I tillegg har ein rådført seg med representantar frå barnehage, skule, helseavdeling, vaksenopplæring og NAV. Planen har også vore diskutert i eit møte i det utvida flyktingutvalet der desse faginstansane har kome med innspel. Planen har så vore på høyring før politisk handsaming.

Målet er at ein gjennom planen skal sikre:

- Raskare busetting
- God kvalitet i kvalifiseringsarbeidet
- Berekraftig lokalsamfunnsutvikling
- Effektiv ressursutnytting og verkemiddelbruk
- Kunnskapsutvikling og god informasjonsflyt

### **3. Omgrepsavklaringar**

Flyktning er den som ifølgje Utlendingsdirektoratet sitt flyktningregister har flyktningstatus og har fått opphaldsløyve i Norge. I hovudsak vert flyktningar busette via asylmottak eller ved direktebusetting frå flyktningleirar, - også kalla overføringsflyktningar.

Familiegjenforeining: Personar som bur i Norge, kan søke om å få familiegjenforeining for personar i utlandet som dei er, eller skal verte i familie med. Den som får opphaldsløyve frå UDI med heimel i vilkåra for familiegjenforeining, kan mellom anna ha krav på deltaking i introduksjonsprogrammet.

Einslege, mindreårige flyktningar. Med einslege mindreårige asylsøkarar meiner ein barn og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre med foreldreansvar. Med einslege mindreårige flyktningar meiner ein einslege mindreårige som er innvilga opphaldsløyve og skal busetjast i ein kommune.

Overføringsflyktningar (FN flyktningar) kjem til Norge direkte frå flyktningleir.

Asylsøklarar er menneske frå andre land som søker om vern i Norge gjennom asylinstituttet. Asylsøklarar vert busette i mottak medan dei ventar på å få søknaden sin handsama. Dersom dei vert innvilga vern, vil dei få busetjing i ein norsk kommune. Dersom dei ikkje får innvilga vern, vil dei verte sende ut av landet.

Innvandrar er ein person som flyttar til eit anna land med sikte på varig opphald. I statistiske samanhengar i Norge er ein innvandrar ein person som bur fast her i landet og som har to utanlandskfødde foreldre. Dette kan være personar som har innvandra til Norge, og personer som er fødde i Norge med to foreldre som er fødde i utlandet.

UDI er Utlendingsdirektoratet

IMDi er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Introduksjonsprogrammet skal gjere nykomne innvandrarar i stand til å delta i arbeids- og samfunnslivet, og hjelpe dei til å verte økonomisk sjølvstendige. Introduksjonsprogrammet skal som eit minimum innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som førebur innvandraranane til vidare utdanning eller arbeid. Det er kommunane som har ansvar for å

gjennomføre programmet. Om ein har rett og plikt til introduksjonsprogram, er avhengig av kva for opphaldsløyve den einskilde har. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har rettleings- og oppfølgingsansvar overfor kommunane i høve arbeid med introduksjonsprogrammet.

Fri arbeidsmarknad: I tråd med EØS-avtalen er det ein fri arbeidsmarknad innan EØS området, og EØS borgarar kan busette seg i et anna EØS land føresett at dei har arbeid i det nye landet. Andre, busette utanfor EØS området, - kan kome til Norge som arbeidsinnvandrarar, men desse må få godkjenning av norske myndigheiter for å busette seg her. Slik godkjenning bygger på at bedrifter i Norge har arbeidskraftbehov som kan dekkast av slik innvandring, som også i hovudsak skjer som følgje av søknader frå norske bedrifter.

#### **4. Innvandrarar i Skodje og Ørskog**

Det statistiske materialet som vert omtala i planen omfattar flyktningar og andre innvandrarar. Den kommunale tenesteproduksjonen skil ikkje ytingar til dei ulike gruppene, og dette vert heller ikkje rapportert særskilt.

Flyktningane utgjer ei lita gruppe både i Skodje- og Ørskogsamfunnet. Samla er alle innvandrarar til kommunane her ein viktig tilvekst kulturelt og viktig i høve det å gå inn som ein del av arbeidsmarknaden. Innvandrarane er såleis ein ressurs for samfunnet, og det er viktig å sikre at kommunane driv eit integreringsarbeid som er effektivt og som gir flyktningane godt grunnlag for å velge Skodje eller Ørskog som bustad.

#### **5. Plan for flyktningarbeidet**

I den vidare handsaminga vil fokuset være på flyktningar som vert busette i Skodje og Ørskog.

Kvart år får altså kommunane eit busetjingsoppdrag frå IMDI. Denne oppmodinga viser kor mange flyktningar IMDI ønskjer at kommunane tek imot og den gir også føringar for integreringspolitikken. Dette må igjen danne grunnlaget for Skodje og Ørskog kommunar sin strategi i høve busetjing av flyktningar.

I følgje IMDI var det behov for 10 000 kommuneplasser for flyktningar i kvart år i 2014 og 2015 og 9 000 for 2016. I tillegg må ein ta høgde for eit visst tal med familiegjennforeiningar. Hovudgrunnen til auken i talet på flyktningar som skal busetjast i høve tidlegare år, er at ein større del av asylsøkarane som kjem til Norge har eit reelt trong for vern, og dermed fyller dei ulike vilkåra for flyktningstatus.

For IMDI er det viktig at kommunane har eit tilpassa og variert tenestetilbod, som omfattar opplæring i norsk, samfunnskunnskap og eit godt fungerande introduksjonsprogram. Det er



viktig og nødvendig at flyktningane kan kome i arbeid eller vidare til utdanning og kvalifisering.

Busetjingsarbeidet er ei kommunal oppgåve og må inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal. For den kommunale tilrettelegginga er slik planlegging viktig fordi ein då kan legge arbeidet systematisk opp og utvikle kompetanse i integreringsarbeidet. Ved å planlegge langsiktig skal det vere mogleg å sikre at barnehageplass, SFO-plass og andre kommunale tenester er på plass slik at dei vaksne kan starte på skule/norskopplæring.

IMDI er også opptekne av at busetjing av flyktningar ikkje berre er ei humanitær oppgåve. Flyktningar er ein ressurs, og gjennom gode kvalifiseringsprogram vil kommunen få tilgang til arbeidskraft og kompetanse. Dette vil kome heile samfunnet til gode.

IMDI ser at tilgang på høvelege bustader er ei kontinuerleg utfordring for kommunen. Vedtak om busetjing må derfor knytast opp mot bustadplanlegging og bruk av relevante tilskots- og låneordningar. Husbanken er ein viktig samarbeidspartnar for å finne gode bustadløysingar for flyktningane.

Kommunane bør ha som målsetjing å innarbeide prosedyrar der ei planlagt karriere på bustadmarknaden går inn som ein del av den individuelle planen for kvar flyktning. Det vil vere svært viktig å få til samordning og samarbeid mellom de ulike tenesteområda, og det er viktig å tydeliggjere ansvarsdeling i busetjingssaker. Ei slik samordning vil sikre kvalitet i oppfølginga.

Ørskog manglar bustadsosial handlingsplan. Kommunen bør derfor få ein slik plan på plass i løpet av fireårsperioden, - og bustadar for flyktningane bør vere ein del av denne.

Kommunane bør ha som målsetjing å bygge eller kjøpe kommunale bustader for å leige ut til flyktningane i perioden dei er med i introduksjonsprogrammet. Når denne perioden er over, skal flyktningane flytte til eigen eigd eller leigd bustad.

Korleis dette skal gjennomførast bør utgreiast og handsamast i eiga sak til politiske organ.

## **6. Organisering**

I dag vert arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar koordinert av dei to flyktningkonsulentane i den felles flyktningtenesta for Skodje og Ørskog. Men direkte tenesteytarar er først og fremst einingane innan barnehage, skule, kultur, frivilligsentral, helse og NAV. Det ein har erfart så langt, er at arbeidet lett vert fragmentert, og at ein manglar gode rutinar for samarbeid. Ein ser også at ein no bør vurdere å opprette ei deltidsstilling som miljøarbeidar, for å hjelpe og rettleie flyktningane i høve det å bu i norske hus, samt å introdusere barn og vaksne for deltaking i frivillege lag og organisasjonar.

I det følgjande vil ein gje ein kort omtale av tenestene.

## **6.1. Barnehagar**

Foreldra søker om barnehageplass og prioriterer i søknaden mellom barnehagane. Plass vert tildelt avhengig av kvar det er ledig plass, samstundes som ein prøver å unngå for mange framandspråklege barn i same barnehage.

Det er vanskeleg å anslå ressursbruk i barnehagane. Dette er avhengig av fleire ulike faktorar, eksempelvis

- Ressursar til barn med spesielle behov
- Ressursar for å ivareta foreldra/heimane
- Ressursar til språkgrupper (blanding av minoritetsbakgrunn og norske)

## **6.2. Grunnskular**

### 6.2.1 Skodje kommune:

Skuleåret 2014/15 hadde 10 elever einskildvedtak om særskilt norskopplæring. 1 av disse elevene hadde i tillegg dei vedtak på timar til tilrettelagt opplæring.

Av 10 elever som fekk særskild norskopplæring skuleåret 2014/15 var det 5 elevar som følgde Læreplanen i grunnleggande norsk. Dei resterande følgde den ordinære planen i norsk med nødvendige tilpassingar.

Nykomne elevar med ingen eller svært avgrensa ferdigheiter i norsk, vil frå hausten 2015 starte direkte på sin heimeskule.

Skuleåret 2014/2015 går ca 0,8 årsverk til særskilt språkopplæring, og det vil det gjere i 2015/16 også.

### 6.2.2 Ørskog kommune:

Skuleåret 2014/15 hadde 21 elever einskildvedtak om særskilt norskopplæring. 20 av desse elevane hadde i tillegg vedtak på timar til tilrettelagt opplæring.

Av dei 21 elevane som fekk særskild norskopplæring skuleåret 2014/15 var det 6 elevar som følgde Læreplanen i grunnleggande norsk. Dei resterande følgde den ordinære planen i norsk med nødvendige tilpassingar.

Frå hausten 2015 har Ørskog kommune valt å legge til rette for ei opplæring som er tilpassa den einskilde eleven sine føresetnader ved å organisere mykje av opplæringa for nykomne minoritetspråklege elever i ei introduksjonsgruppe. Tilbodet vil vare i omlag eitt skuleår og gjelde for alle elever frå 1. – 7.trinn.

Skuleåret 2014/2015 går ca 2 årsverk til særskilt språkopplæring, - frå påske 2015 er det i tillegg tilsett 0,5 % stillingsom tolk/tospråkleg assistent Frå skuleåret 15/16 reknar ein med å bruke ca 1,5 årsverk knytt til ei innføringsgruppe og ca 0,5 % til styrking i ordinær klasse.

### **6.3. Vaksenopplæring**

Sjøholt skule har ansvaret for vaksenopplæringa for innvandrarakar i dei to kommunane, med fleire ulike oppgåver innan vaksenopplæringsfeltet.

Vaksenopplæringa der har følgjande hovudansvarsområder i høve framandspråklege:

- Ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for personar som er busette i kommunane.
- Oppdragsundervisning for arbeidsinnvandrarakar som har behov for norskopplæring
- Grunnskuleopplæring av vaksne vert i dag kjøpt frå Vestnes kommune.

Talet på framandspråklege deltakarar har dei siste 2 åra auka frå 11 til 31.

For undervisningsåret 2014/2015 har vaksenopplæringa i Ørskog totalt 2 årsverk knytt til undervisning av framandspråklege.

### **6.4. Frivilligsentralen, frivillege lag og organisasjonar**

Det er eit viktig mål at flyktningane skal gå inn i dei mange laga og organisasjonane som gir fritidstilbod til innbyggjarane i dei to kommunane. Dette er ein viktig del av integreringsarbeidet, og det er viktig at dei frivillege laga og organisasjonane får presentert kva dei kan tilby.

### **6.5. Helseavdelingane**

Helseavdelingane sitt hovudansvar er

1. Helsekartlegging av alle flyktningar og familiegjenforeinte som kjem til kommunen
2. Å gje nødvendig helsehjelp til personar med fysisk eller psykisk sjukdom.
3. Tuberkulosekontroll av flyktningar og innvandrarakar.
4. Smittevern.

## 5. Helsefremjande og førebyggjande arbeid

Punkt 1, 2 og 5 er eit tilbod til alle, medan punkt 3 og 4 er lovkrav.

### 6.5.1. Skodje kommune

Helsesøster har i 2015 0,1 årsverk avsett til arbeid med flyktningar. Det skal overførast midlar frå integreringstilskotet til dette. Avhengig av antall flyktningar og familiegjenforeningar bør det vurderast om dette er tilstrekkeleg.

Kommuneoverlege har ikkje fast tid avsett til konsultasjonar, men det er han som gjennomfører den første kartlegginga av kvar einskild flyktning som kjem. Etter det er det fastlege som overtek oppfølging.

Kommunen har god jordmorteneste. Erfaring viser at oppfølging av gravide flyktningar er ekstra ressurskrevande.

Psykiatriske sjukepleiarar har eit lågterskel samtaletilbod til kommunen sine innbyggjarar. I mai 2015 fekk kommunen tilsagn om midlar til kommunepsykolog i Helseavdelinga.

### 6.5.2. Ørskog kommune

Helsesøster har i 2015 0,2 årsverk avsett til arbeid med flyktningar. Dette er midlar overført frå integreringstilskotet. Med vedtak om nye flyktningar i 2016 bør det fortsatt løyvast midlar.

Offentleg lege bruker om lag 3 timar i veka til arbeid med flyktningar. I tillegg kjem konsultasjonar den enkelte flyktning har hos fastlege.

Kommunen har god jordmorteneste. Erfaring viser at oppfølging av gravide flyktningar er ekstra ressurskrevande.

Psykiatriske sjukepleiarar har eit lågterskel samtaletilbod til kommunen sine innbyggjarar. Frå 01.08.15 vert det tilsett kommunepsykolog i Helseavdelinga.

## **6.6. NAV**

NAV handsamer krav om statlege støtteordningar og tiltak etter lov om sosiale tenester i NAV og Folketrygdlova. NAV Storfjorden har også ansvar overfor introduksjonsordninga og flyktningtenesta., og handsamer krav etter lov om sosiale tenester. Ein særskild samarbeidsavtale er utarbeidd og regulerer desse ytingane. Ligg ved saka.

## 6.7. Flyktingtenesta

Flyktingtenesta er kommunane sitt mottaksapparat for flyktingar som kjem til Skodje og Ørskog. Tenesta gir rettleiing, informasjon, skaper aktivitet, praktisk bistand og hjelper til med å skaffe bustader. Tenesta har kommunikasjon med IMDI og med dei ulike tenesteområda i kommunen, og sikrar at flyktingane kjem inn i systema for opplæring og språkpraksis.

Flyktingkonsulentane tek i vare oppgåver som gjer til at flyktingane kan tileigne seg norskkunnskapar som er avgjerande for at dei kan integrerast i samfunnet. Dette arbeidet skjer i samarbeid med vaksenopplæringa, næringslivet og kommunane i høve arbeidspraksis. Per mai.15 er det 25 deltakarar knytt til introduksjonsprogrammet.

Årsverk: - 2,0 årsverk til koordinering av introduksjonsprogrammet.

- Ein vil i planperioden vurdere å tilsetje miljøarbeidar.

## 6.8. Kommunale bustader

Kommunane sine tekniske avdelingar er ansvarlege for oppfølging av dei kommunale bustadane.

### 6.8.1 Skodje kommune

Disponerer for tida 62 bustader. Prestemarka bu – og dagtilbud disponerer 22 husvære, inntaksmøte på Skodje omsorgssenter disponerer 8 husvære, NAV disponerer 3 bustader og ved dei resterande 29 skjer tildelinga gjennom den kommunale tildelingsnemnda.

Vi har ikkje bustader spesielt tiltenkt flyktingar.

Skodje kommune arbeider med eit prosjekt « bygging av nye omsorgsbustader». Forventa realisering er i 2016/2017. Skisse prosjektet omfattar 32 nye husvære.

## SKODJE KOMMUNE OVERSIKT KOMMUNALE BUSTADER

Gnr. / Bnr.	Adresse	Vert disponert av	Tal på bueiningar	Antall soverom.	Tilrettelagt for rullestol.
27/95	Gamlevegen 2	Kommunal tildelingsnemnd	1	3	Ja
23/153	Niusvegen 42	Kommunal tildelingsnemnd	1	2	Nei

24/112	Nedreskodjevegen 27 A	NAV	1	1	Ja
24/112	Nedreskodjevegen 27 B	NAV	1	1	Ja
24/112	Nedreskodjevegen 27 C	NAV	1	1	Ja
23/110	Ytreskodjevegen 62	Kommunal tildelingsnemnd	1		Nei
24/120	Nervang	Kommunal tildelingsnemnd	1	2	Ja
24/79	Nedreskodjevegen 14	Prestemarka bu- og dagtilbod	4	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 15	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 17	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 19	Prestemarka bu- og dagtilbod	2	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 21	Prestemarka bu- og dagtilbod	2	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 23	Prestemarka bu- og dagtilbod	2	1	Ja
23/173	Niusvegen 17	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/173	Niusvegen 19	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/173	Niusvegen 21	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/173	Niusvegen 23	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/138	Niusvegen 20	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/138	Niusvegen 22	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	1	Ja
23/138	Niusvegen 24	Prestemarka bu- og dagtilbod	4	1	Ja
23/146	Ådalsbakken 6 A	Prestemarka bu- og dagtilbod	4 (bukollektiv)		Ja
23/146	Ådalsbakken 4	Inntaksmøte SOMS	8	1	Ja
23/168	Vangen 15	Kommunal tildelingsnemnd	1	1	Ja
23/168	Vangen 16	Kommunal tildelingsnemnd	1	1	Ja
23/168	Vangen 17	Kommunal tildelingsnemnd	1	1	Ja
23/168	Vangen 18	Kommunal tildelingsnemnd	1	1	Ja
23/168	Vangen 19	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 20	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 21	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 22	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 23	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 24	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 25	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 26	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 27	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 28	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 30	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja

23/168	Vangen 32	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 34	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 36	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 38	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
23/168	Vangen 40	Kommunal tildelingsnemnd	1		Ja
<b>TOTALT</b>			<b>62</b>		

### 6.8.1 Ørskog kommune

Ørskog kommune har pr i dag ikkje bustasosial handlingsplan og ikkje kommunale bustader som spesielt er prioritert til flyktningar. Oversikt over kommunale bustader i Ørskog kommune 12.05.2015

Namn	Type bustader:	Tal bueiningar:
Steinholt busenter (inkludert Ingeborgstova)	Omsorgsbustader	15
Skogen bustader	Bustader (inkl 1 avlastingsbustad)	3
Hallvardmarka	Omsorgsbustader	8
Haukåsen	Bustader	4
Smibakken	Bustader, delvis tilrettelagt	5
Lånamarka	Bustader	4
Lånamarka 56	Bustad	1
Strandabøvegen 28	Bustad	1
Forpaktarbustad Lande (svært låg standard)	Bustad	1
Sum:		42

### **6.9. Utfordringar for den interkommunale flyktningtenesta**

- Dagens organisering av flyktningtenestene er i dag for fragmentert
- Samarbeid og samordning av oppgåver mellom tenestene kan bli betre
- Vi manglar gode nok rutinar for informasjon mellom dei ulike tenestene

### **6.10. Mål for perioden 2015-2016**

- Evaluere dagens organisering av flyktningtenestene
- Det må etablerast møteplassar og avtalast faste tidspunkt der flyktningtenesta og dei ulike einingane som gir tenester til flyktningane kan samarbeide.
- Oppdatere kompetansen til flyktningkonsulentane og andre som arbeider med flyktningane
- Ta del i utarbeidinga av ein bustadsosial handlingsplan for Ørskog.

## **7. Meir om dei ulike kommunale tenesteiningane sitt arbeid:**

### **7.1. Barnehagetilbod**

Flyktningfamiliene kan nytte seg av det etablerte tilbudet som delvis vert gjeve av kommunane og delvis av private tilbydarar.

Dei søker om barnehageplass med prioritet mellom barnehagane, og vert tildelt plass på linje med andre innbyggjarar. Plassane vert tildelte avhengig av kvar det er ledig kapasitet, samtidig som ein prøver å unngå for mange framandspråklege barn i same barnehage.

Ein legg vekt på at nye flyktningar raskt kan få eit barnehagetilbod, ettersom det er eit viktig element i inkluderingsarbeidet. Foreldre si språkopplæring kan starte raskare dersom flyktningbarna får barnehagetilbod, og det er særleg viktig at kvinnene kan delta i introduksjonsprogrammet. Også for å sikre barna si integrering og språkutvikling, må flyktningbarn sikrast barnehageplass kort tid etter busetjing i kommunen.

Barnehagen er ein av dei viktigaste arenaene for sosialisering og integrering av førskulebarn, særleg med tanke på utfordringane i samband med skulestart. Samstundes veit ein av erfaring at nokre foreldre er skeptiske til barnehagar, og derfor ikkje ønskjer å nytte dette tilbudet. Ettersom det er meir krevjande å få til god språkopplæring dess eldre barnet har vorte før det startar i barnehagen, må foreldre så snart som råd etter busetjing få kunnskap om at barnehagar er viktig for å sikre barnet si integrering og språkutvikling.

Barnehagen skal verne om barna sin identitet. Innleving og forståing for eigen og andre sin kultur, er viktig både for norske barn og for barn med anna kulturell og språkleg bakgrunn. I tillegg til å være ein viktig arena for barna si språkutvikling, er barnehagen ein viktig arena som kontaktskapar for barnet så vel som foreldre overfor norske familiar.

Manglande norskkompetanse er ei utfordring, og det er nødvendig å styrke språkopplæringa i barnehagane. Barnehagen må ha ein plan som omhandlar korleis dei tek imot fleispråklege barn, og barnehagepersonale må ha tilfredsstillande kompetanse om korleis best støtte opp om barna si språkutvikling. På nokre område må også foreldrerettleiing styrkast. Ein bør vurdere om barnehagane skal få styrka ressursane i den første perioden etter at dei har tatt imot eit nyleg busett flyktningbarn.

Barnehagepersonalet treng tilstrekkeleg informasjon før nye flyktningbarn startar i barnehagen. Dette kan være informasjon om kven som har søkt inn barnet, familierelasjonar, språk, nødvendige helseopplysningar/vaksinasjon, med meir. Informasjonen er nødvendig for å kunne tilpasse opplegget til barnet så tidleg som råd.



## Særlege utfordringar

- Barnehagepersonalet treng informasjon om barnet før det startar i barnehagen

## Mål for perioden 2015-2016

- Flyktningbarn skal få tilbod om barnehageplass gjennom året, og kommunane bør kunne løyse dette utan å ha plassar ståande lediga.
- Flyktningbarna bør starte i barnehage så snart som råd etter busetjing.
- Styrke personalet sin kompetanse slik at flyktningbarna den første tida i kommunen blir møtt av personale med stor kompetanse på arbeid med minoritetsspråklige barn.
- Godt samarbeid mellom barnehagane, flyktningtenesta og helseavdelinga om nykomne flyktningbarn

## 7. 2. Grunnskuleopplæring

Opplæringslova gir i § 2-1 alle barn som er busette i Norge rett og plikt til grunnskuleopplæring i samsvar med lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.

Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Plikta til grunnskuleopplæring byrjar når opphaldet har vart i tre månader. Departementet kan i særlege tilfelle fritta elevar frå denne plikta.

All erfaring tilseier at eit godt utvikla språk er det aller viktigaste for ei vellukka integrering, og derfor er det viktig å sette i verk tiltak så tidleg som råd i skuleløpet. For foreldra er skulen også ein viktig arena for samhandling med andre og ei kjelde til informasjon om norsk samfunnsliv.

Det er mogleg å la ein elev byrje på eit årstrinn lågare enn alderen tilseier. Kommunane kan også gje eleven eit ekstra år i grunnskulen etter samtykke frå føresette.

### Særskilt om språkopplæring i grunnskulen

Lova slår fast at kommunen skal tilby opplæring til alle barn dersom det er sannsynlig at barnet skal opphalde seg i Norge i meir enn 3 månader. Barn som har budd i Norge i 3 månader eller meir har plikt til opplæring.

Når nykomne og andre minoritetsspråklege elevar med svært avgrensa kompetanse i norsk flyttar til kommunen, er særskilt norskopplæring det første tiltaket som skal setjast inn. I tillegg kan mange av elevane trenge tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring i

ei overgangsperiode. Dette for så raskt som råd å kunne tileigne seg norsk som eit kommunikasjonsverktøy. I praksis er dette oftast vanskeleg å få til på grunn av mangel på kompetente morsmåls lærarar og tospråklige lærarar.

Det er i hovudsak to modellar kommunane praktiserer for å gje minoritetsspråklege elevar ein god skulestart.

Enten at ein startar i introduksjonsklasse eller at minoritetsspråklege barn vert plasserte direkte i den aktuelle klassa ved den skulen som ligg i skulekrinsen der barnet bur. Fordelane ved ein slik modell er at barnet startar ved nærskulen med ein gong, knyter sosiale band til klassekameratane sine, har venner og sosiale nettverk på fritida og må kommunisere på norsk for å gjere seg forstått. Ulempa er problem med å bygge opp skulane sin kompetanse på område som migrasjonspedagogikk og to-språklege utfordringar i ein så desentralisert modell.

Ei mellomløysing som er mykje brukt, er at alle barn vert språktesta når dei kjem til kommunen. Dei som er på nivå 3, går rett over til sin nærskule, dei som er på nivå 1 og 2 får tilbod om eit 3 månaders intensivkurs i norsk i ei innføringsklasse.

Frå hausten 2015 vil Ørskog kommune legge til rette for ei opplæring som er tilpassa den einskilde eleven sine føresetnader ved å organisere mykje av opplæringa for nykomne minoritetsspråklege elevar i ei introduksjonsgruppe. Tilbodet vil gjelde for alle elevar frå 1. – 10.trinn og som regel vere i omlag eitt skuleår. Det kan utvidast til to år for kvar elev, men vedtak vert gjort for eitt år om gongen.

### **Eleven sine rettar – einskildvedtak**

For å avgjere om ein elev har rett til særskilt språkopplæring etter § 2-8, må skulen kartlegge eleven sin kompetanse i norsk og gjere ei vurdering av kva slags språkopplæring eleven vil ha best nytte av for å tileigne seg norsk så snart som råd. Korkje opplæringslova eller forvaltningslova krev at det ligg føre søknad om særskilt språkopplæring, men føresette skal ha høve til å uttale seg før ein fattar vedtak. Det er inga plikt til å ta i mot særskilt språkopplæring.

### **Læreplaner**

Den einskilde skule avgjør sjølv kva for læreplan som skal følgjast; Læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller den ordinære planen i norsk med nødvendige tilpassingar.

### 7.3. Vaksenopplæring

§17 i Lov om Introduksjonsordninga, regulerer innvandrara sin rett og plikt til deltaking i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne

- Rett til opplæring betyr at opplæringa er gratis.
- Plikt til å gjennomføre norskopplæring inneber at ein må ta 600 timar (550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap) for å få permanent opphaldsløyve.

Dette gjeld for utlendingar mellom 16 og 55 år som har fått

- a) opphaldsløyve etter utlendingslova som dannar grunnlag for permanent opphaldsløyve, eller
- b) kollektivt vern i massefluksituasjon etter utlendingslova § 34.

Utlending mellom 55 og 67 år med opphaldsgrunnlag som nemnt i bokstav a eller b har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring som nemnt i første ledd.

Rett til deltaking etter første og andre ledd gjeld ikkje for utlending med opphaldsløyve etter utlendingslova §§23 og 25 og deira familiemedlemmer med løyve etter utlendingslova kapittel 6. Utlending mellom 16 og 55år med løyve som nemnt i første punktum som dannar grunnlag for permanent opphaldsløyve, har plikt til deltaking i opplæring i norsk og samfunnskunnskap i til saman 300 timer, jf.§ 18 første ledd andre punktum.

Opplæringa skal medverke til at flyktningar får gode kunnskapar i norsk språk og samfunnsliv, slik at dei kan skaffe seg jobb og oppnå deltaking, integrering og likestilling i det norske samfunnet.

Ei grundig innføring for flyktningane i høve kva for verdiar det norske samfunnet bygger på og korleis samfunnet er organisert er ein sentral del av opplæringa. Mangel på sosial integrasjon i det norske samfunnet vil gje grunnlag for isolasjon og vantrivsel for den einskilde flyktning. Eit kurs på 50 timar om det norske samfunnet på eit språk flyktningen forstår, er derfor obligatorisk.

Alle vaksne flyktningar skal starte på norskopplæring kort tid etter busetjing. Kommunane har plikt til å sette i verk norskopplæringa seinast 3 månader etter søknad. Vaksenopplæringa på Sjøholt har ansvar for alle flyktningar i dei to kommunane når det gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap og det er dei som står for kartlegging og tilrettelegging av opplæringa.

Alle som deltar i norskopplæringa får ein individuell opplæringsplan som skisserer mål og tiltak for norskopplæringa og langsiktige integreringsmål.

- Flyktningar mellom 18 -55 år som har behov for grunnleggande kvalifisering gjennomfører Introduksjonsprogrammet. Eldre flyktningar får eit individuelt tilpassa tilbod.
- Flyktningane får språkpraksisplass i kommunale einingar eller private bedrifter.
- Flyktningane sin kompetanse i norsk språk vert testa og kartlagt undervegs og ved avslutning av Introduksjonsprogrammet.
- Flyktningar som etter avslutta Introduksjonsprogram ikkje har oppnådd eit tilfredsstillande kunnskapsnivå i norsk skal følgjast opp med tilbod om behovsprøvd norskopplæring inntil 3000 timer.

Nokre av flyktningane som kjem manglar heilt eller delvis grunnskuleopplæring, og nokre er analfabatar. I arbeidet med desse flyktningane må opplæringa ha alfabetisering som mål, slik at desse kan gjere seg nytte av opplæringa i introduksjonsprogrammet.

Føljande grupper har ikkje rett til gratis opplæring, men har plikt til å gjennomføre 300 timer opplæring i norsk og samfunnskunnskap:

- Arbeidsinnvandrara utanfor EØS/EFTA-området
- Personer som kjem til landet på grunnlag av familiegjening med arbeidsinnvandrara utanfor EØS/EFTA-området

Vaksenopplæringa på Sjøholt organiserer undervisning for grupper som ikkje har rett til gratis opplæring , mot betaling og i den grad dei har ledig kapasitet.

Deltakarane som er omfatta av rett og plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova, har plikt til å gå opp til avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap. Vaksenopplæringa har også ansvar for å arrangere "Test i norsk - høgare nivå" (også kalla "Bergenstesten"), men må i dag kjøpe denne tenesten frå Vestnes eller Ålesund.

#### **7.4. Grunnskuleopplæring for vaksne**

##### **Grunnskuleopplæring etter § 4-A-1 Rett til grunnskuleopplæring for vaksne**

"Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1.

Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den einkilde.

Opplæringa og undervisningsmaterialet er gratis."

Meistring av grunnleggande ferdigheiter på grunnskolen sitt område vil være ein viktig føresetnad for heile framandspråkgruppa med tanke på vidare utdanning/jobb/samfunnsliv .

Mange har behov for opplæring i grunnleggande ferdigheiter før dei kan følgje eit eksamensretta løp. Dette er tilbod som må leggst til rette ut frå dei føresetnadane deltakarane har, og det vil for mange vere snakk om ein lang tidshorisont før dei har nødvendig kompetanse på grunnskoleområdet.

I dag kjøper ein tenester frå Vestnes på dette området.

### **Grunnskuleopplæring etter § 4A-2 Spesialundervisning på grunnskulen sitt område**

”Vaksne som ikkje har eller ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.”

Ei sannsynleg utvikling framover vil vere at fleire av dei framandspråklege vil søke spesialundervisning etter kvart som det vert avdekt ulike lærevanskar i denne gruppa. Utfordringane her er å ha nødvendig kartleggingsreiskap/kompetanse for å kunne avdekke spesielle behov. Dette er utfordringar som det også vert jobba med nasjonalt.

### **Utfordringar**

- Knappeheit/mangel på kompetente morsmåslærarar og tospråklege lærarar i grunnskulen.
- Vanskeleg å få kvalifiserte tolkar.
- Mange av dei vaksne flyktningane har mangelfull skulegang frå heimlandet. Dette medfører at denne gruppa kan ha behov for 4-6 år skuletilbod med norsk/samfunnskunnskap og eventuelt grunnskule.
- Vaksne analfabetar vil trenge eit omfattande skuletilbod for å lære å lese og skrive på norsk. Dette vil krevje ekstra ressursar.
- Organisering av 50 timar samfunnskunnskap på eit språk som flyktningen forstår, er ei stor utfordring. Tilgangen på morsmåslærarar er her ein avgrensande faktor.
- Utfordringar i høve flytting av Sjøholt skule

### **Mål for perioden 2015-2016**

- Kommunen skal sikre Opplæringslova sine krav til innhald og gjennomføring av grunnskuleopplæring for elevar med flyktningbakgrunn på ein måte som fremmar god språkopplæring og god integrering.

- Målet med særskilt språkopplæring er at eleven så raskt som råd tileignar seg ferdigheiter i norsk. Når eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følgje den ordinære opplæringa, opphøyrer rettane etter § 2-8.
- Kommunen skal heve skulane sin kompetanse knytt til arbeid med framandspråklege barn.
- Kommunen skal betre informasjonen til nykomne flyktningfamiliar gjennom informasjonsbrosjyrar om skuleverket i Norge. Den skal utarbeidast på fleire språk.
- Kommunane skal arbeide for at tilsette får auka kompetanse og medvit om tverrkulturell kommunikasjon. IMDi kan i denne samanheng medverke med formidling av kompetanse og nettverk.
- Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap skal gje innvandraren høve til likestilling, deltaking og integrering i det norske samfunnet.
- Målet for opplæringa er å medverke at menneske i vaksen alder får kunnskap, innsikt og ferdigheiter som fremmar den einskilde si verdiorientering og personlege utvikling. Opplæringa skal også styrke grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.
- Opplæringa skal gje innvandraren høve til å bruke tidlegare opparbeidd kompetanse.
- Opplæringa skal ha som mål at resultatane målt med nasjonale prøver for 2015 er at 65 prosent av kandidatane skal bestå skrift norskprøve 2 og 3, og at 90 prosent består dei munnlege prøvene.
- Gjennom grunnskoleopplæring for vaksne skal vi sikre at flyktningar over 16 år, som manglar grunnskule frå heimlandet, får tilbod om opplæring i faga norsk, matematikk, engelsk, samfunnsfag og naturfag. Tilbodet er eit komprimert løp over 2 år.

## 7.5. Introduksjonsprogrammet

Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarakar (Introduksjonslova) slår i § 1. fast at

Formålet med denne loven er å styrke nyankomne innvandreres mulighet for deltaking i yrkes og samfunnslivet, og deres økonomiske selvstendighet.

Ein grunnleggande føresetnad for at ein flyktning skal kunne tilpasse seg livet i Norge er at dei oppnår språkkunnskapar på eit tilstrekkeleg høgt nivå til å kunne fungere tilfredsstillande i arbeidslivet. Ut frå erfaring, er manglande språklege ferdigheiter den største barrieren for å kome inn i arbeidslivet og på den måte kunne oppnå økonomisk uavhengigheit for seg og familien. Rammeverket for opplæring av vaksne flyktningar er introduksjonslova.

Pr mai 2015 er det 26 brukarakar tilknytt introduksjonsprogrammet. Flyktningkonsulentane tek i vare oppgåver som skal medverke til at brukarane på ulike arenaer skal tileigne seg norskkunnskapar slik at dei betre kan integrerast i samfunnet. Dette gjer dei ved å

samarbeide med vaksenopplæringa, næringslivet og kommunane i høve språkpraksis. Så langt har det i stor grad vore knytt til barnehagar, skular, butikkar og sjukeheimar. Erfaring så langt viser at språkpraksisen har vore nyttig, og det har vorte lettare å skaffe praksisplassar.

Introduksjonslova § 2 omtalar flyktningane si plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet, og at siktemålet er å gi språkkunnskapar, samfunnskunnskap og arbeidstrening som fører til inkludering og muligheiter i det norske samfunnet:

*Rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogram gjelder for nyankommet utlending mellom 18 og 55 år som har behov for grunnleggende kvalifisering og som har fått*

- a) asyl, jf. utlendingsloven § 28*
- b) oppholdstillatelse etter innreisetillatelse som overføringsflyktning, jf. utlendingsloven § 35 tredje ledd*
- c) fornybar oppholdstillatelse etter utlendingsloven § 38 første ledd på grunnlag av søknad om asyl, eller kollektiv beskyttelse i massefluktsituasjon, jf. utlendingsloven § 34, eller*<sup>1</sup>
- d) oppholdstillatelse som familiemedlemmer til personer som nevnt i bokstav a, b og c, jf. utlendingsloven kapittel 6.*

*For å være omfattet av denne bestemmelsen er det et vilkår at personer som nevnt i bokstav a, b og c ikke har vært bosatt i en kommune i mer enn fem år før det søkes om familiegjenforening*

- e) fornybar oppholdstillatelse etter utlendingsloven § 53 første ledd bokstav b, § 53 annet ledd eller § 53 tredje ledd. For personer som nevnt i første punktum gjelder retten og plikten til å delta i introduksjonsprogram i to år fra det tidspunkt det er gitt oppholdstillatelse på grunnlagene som er nevnt.*

Rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet gjeld berre for personar som er busette i kommunane etter særskilt avtale mellom utlendingsmyndigheitene og kommunen. Kravet om særskilt avtale gjeld likevel ikkje for personar nemnt i § 2 første ledd, bokstav d eller e.

Som nykomen vert den rekna som har vore busett i ein kommune i mindre enn to år når vedtak om deltaking i introduksjonsordninga skal gjerast.

Nordiske borgarar og utlendingar som er omfatta av ØS-avtalen, er ikkje omfatta av paragrafen her.

Lova fastset at deltaking i programmet er både ein rett og ei plikt. Det medfører at einskildindivid ikkje kan la vere å ta del i slike program dersom dei ønskjer å bu i Norge.

Innhaldet og omfanget i introduksjonsprogrammet er nærare omtala i introduksjonslova §§ 4-5 og skal leggast til rette for personar som har behov for grunnleggande kvalifisering. Introduksjonsprogrammet tek sikte på å

- gje grunnleggande ferdigheiter i norsk,
- gje grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv,
- førebu for deltaking i yrkeslivet.
- Programmet skal være heilårleg og på full tid.
- Programmet skal minst innehalde
  - norskopplæring,
  - samfunnskunnskap,
- tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til yrkeslivet.

Ved gjennomført eller avbrote program skal deltakaren få deltakarbevis.

Programmet kan vare inntil to år, med tillegg av godkjent permisjon. Når særlege grunnar talar for det, kan programmet vare inntil tre år.

### **Utfordringar**

- Ved mangel på språkpraksisplassar kan den språklege utviklinga verte forseinka og det blir då vanskelegare å få arbeid og bli integrert. Dette er særleg avgjerande for dei som vert busette, og som har liten eller ingen skulegang frå heimlandet.
- Oppfølging på arbeidsplassane må organiserast slik at den vert best mogleg, til dømes ved hjelp av fadderordningar for språkpraksisplassar.

### **Mål for perioden 2015-2016**

- Gjennom introduksjonsordninga skal vi ha som mål at flyktningar som kjem til Skodje og Ørskog får god opplæring i norsk språk slik at dei etter 6 månader kan gjere seg forstått på norsk i dagleglivet. Og etter 2 år skal norsk språk ikkje lenger være ei vesentleg hindring for deltaking i arbeidsliv og sosialt liv.
- Resultatmålet er at 75 prosent går over til arbeid eller utdanning direkte etter avslutta introduksjonsprogram og at 90 prosent går over til arbeid eller utdanning året etter avslutta program. Kvinner skal ha særskilt fokus, målet er at andelen kvinner skal vere lik andelen for menn. I den samanheng bør ein vurdere å opprette ei «Kvinnegruppe»
- Kommunen skal satse målretta på utvikling og utprøving av ny metodikk i introduksjonsprogrammet retta mot grupper av deltakarar med særlege utfordringar for overgang til arbeid eller utdanning etter fullført program.



## 7.6. Språkpraksis

Ein del av norskopplæringa er språkpraksis. Hovudpoenget med språkpraksis er å gje deltakarane ein arena for å tale norsk på, saman med nordmenn. Det er eit pluss at dei får kjennskap til arbeidslivet og krava der. I tillegg er det ein stad for å skape nettverk og inkludering i lokalsamfunnet. Det er vaksenopplæringa som står for praksisplassane og oppfølging av desse.

Behovet for språkpraksisplassar varierer. Det er avhengig av tal på deltakarar i programmet. Det er eit mål at alle skal innom ein praksisplass i løpe av programtida. Difor bør kvar kommune ha til gong på 8 – 12 praksisplassar til ei kvar tid. Kommunen har eit særskilt ansvar for å stille språkpraksisplassar til disposisjon.

## 7.7. Arbeidspraksis

Arbeidsplassen er ein viktig arena for å verte ein del av fellesskapet. Arbeid gir i tillegg til inntekt, - sosialt tilhøyr og moglegheit for å realisere eigne evner, samt at det gir grunnlag for språkleg utvikling. Aktiv rekrutteringshjelp og einskilde særordningar er nødvendige for å oppnå like moglegheiter.

Stortinget har sagt at ein skal prøve å hindre klientifisering og passivering av nykomne flyktingar. Dette la grunnlaget for innføring av Introduksjonsprogrammet med Introduksjonsstønad som alternativ til sosialhjelp for nykomne flyktingar. Og for å formidle at kvalifisering, aktivitet og innsats løner seg skal alle nykomne flyktingar berre få introduksjonsstønad gjennom deltaking i introduksjonsprogrammet.

Det skal derfor arbeidast systematisk for at flyktingar skal kunne få ordinært arbeid, og det er flyktingtenesta som i samarbeid med NAV Storfjorden skal skaffe arbeidspraksisplassar.

## Utfordringar

- Den einskilde sin bakgrunn vil være avgjerande for sjansane til å få seg arbeid. Mange busette flyktingar er analfabetar og vil trenge eit styrka pedagogisk tilbod for å kunne tileigne seg kompetansen som trengst for å være i arbeid.
- Det viser seg at ved arbeidsløyse/permitteringar er det vanskelegare å få anna arbeid for flyktingar som manglar nettverk.
- Mangelen på opparbeida rettar kan gje dårlegare økonomi når ein ikkje er i ordinært arbeid.
- Mange busette flyktingar har eit lågt kompetansenivå og vil trenge eit styrka pedagogisk tilbod.

## Mål for perioden 2015-2016

- Integreringsarbeidet skal medverke til at flyktningane finn eit arbeid som er tilpassa evner og kompetanse.
- Integreringsarbeidet skal medverke til at flyktningar får arbeid som gir økonomisk grunnlag for å ta ansvar for seg sjølv og eventuelt for familien.
- 75 % av alle vaksne flyktningar skal være i jobb eller i gang med vidare kvalifisering etter Introduksjonsprogrammet (2 år).
- Det skal gjennomførast systematisk oppfølging av flyktningar slik at færrest råd treng å ta i mot sosialhjelp.
- Skodje og Ørskog kommunar skal tilby varierte og eigna arbeidstreningsplasser, samt høve til jobbhospitering, innad i eigen organisasjon som del av individuelle planar for deltakarar i introduksjonsprogrammet.
- Skodje og Ørskog kommune skal kalle inn minst ein person med innvandrarbakgrunn til jobbintervju under tilsetjingar i kommunen, dersom han eller ho er kvalifisert.
- Skodje og Ørskog kommunar skal begge til ei kvar tid ha 8 -12 språkpraksisplassar tilgjengelege. Deltakarane skal følgjast opp av ein fadder.

## 7.8. Kultur og fritid

Idrett og fritidstilbod er ein av dei viktigaste faktorane for god integrering . Derfor er det ekstra viktig at frivillige lag og organisasjonar er tidleg på bana for å informere flyktningane og flyktningtenesta om aktivitetar som dei har. Samt at dei legg til rette for deltaking uavhengig av språkkunnskapar i norsk. Leiarane av laga har ei sentral rolle i å informere flyktningane og flyktningtenesta om faste aktivitetar og ulike arrangement.

Dugnadsånd og felles innsats er framleis ein viktig del av samfunnslivet i Norge. Denne tradisjonen er framand for svært mange flyktningar, og det kan være eit hinder for sosialisering inn i det norske samfunnet. Men dette er ein avgjerande del av "nettverksbygginga", og ein ser at det ofte er vanskelegare enn mange trur, å bli kjende. Derfor er det viktig at flyktningane deltek på fritidsaktivitetar på lik linje med nordmenn.

Kultur og idrett er verkemiddel for integrering i samfunnet, og det er derfor viktig å ta i vare det kulturelle perspektivet på alle samfunnsområde. Kulturen medverkar til innsikt, velferd og utvikling av heile mennesket. Det er eit berande element i lokalsamfunnet, den skaper felles møtestader og arena for livslang læring.

Mange flyktningar kjem frå samfunn kor organisasjonslivet er organisert på ein annan måte. Det bidreg til at mange flyktningar fell utanfor på fritida. I nokre språk har ein rett og slett ingen ord for "fritid" og kulturtiltak er ikkje tilgjengelege for vanlege folk.

For å auke deltakinga i det frivillege, kan flyktingtenesta legge vekt på å informere nykomne flyktingar om kultur- og fritidstilbodet i kommunane. Ein må også informere om fritidstilboda sin medverknad til sosialisering, oppvekst, vennskap og deltaking i samfunnet. Det må leggast særleg vekt på å gje foreldre forståing av kor viktig dette er for deira barn og ungdommar. Kommunane kan også medverke til at flyktingane har arenaer der dei kan utøve eigne kulturelle aktivitetar og gjere desse synlege for lokalsamfunnet i barnehagane, på skulane, ved kulturaktivitetar og liknande.

### Utfordringar

- Sikre flyktingane si deltaking i idrett, kulturliv og anna frivilligheit.
- Informere om organisasjonslivet og legge til rette for deltaking.

**Mål for perioden 2015-2016** Gjennom kulturelle aktivitetar skal kommunen

- Kommunen skal medverke til å gje flyktingar ein arena for å vise sin eigen kultur og medverke til å synleggjere det kulturelle mangfaldet.
- Arbeide for at flyktingar og innvandrarakar får auka innsikt og deltaking i norsk organisasjonsliv.
- Naturopplevingar og fritidsaktivitetar skal verte ein naturleg del av integreringa inn i det norske samfunnet.
- Flyktingguide kan brukast som eit integreringstiltak.
- Kommunane sine innbyggjarar bør vere med å vise flyktingane inn i lokalsamfunnet.

### 7.9. Helseavdelingane

Helseavdelingane følgjer dei råd som rettleiaren "Helsetjenestetilbudet til asylsøkerer, flyktinger og familiegjenforente" tilrår (IS-1022). Målet for tenesta når det gjeld flyktingar, er at dei skal få nødvendig somatisk og psykisk helsehjelp, og at alle skal få likeverdige helsetenester uavhengig av etnisitet og kulturell tilknytning.

Helseavdelingane sitt hovudansvar:

1. Helsekartlegging av alle flyktingar og familiegjenforeinte som kjem til kommunen

Her tek ein utgangspunkt i den enkelte flykting sine behov og gir tilpassa hjelp.

2. Oppfølging og behandling:

Gje helsehjelp til personar med fysiske og psykiske helseproblem. Tilvising til spesialisthelseteneste der det er behov. Ta del i tverrfagleg samarbeid for busette flyktningar der det er nødvendig.

Kommunelegen har ansvar for smittevern og første del av legeoppfølging fram til fastlege tek over. Det kan gå frå nokre månader opp til eit år før flyktningane har personnummer og kan få fastlege.

### 3. Tuberkulosekontroll av flyktningar og innvandrarar

Tuberkulosekontroll er ei lovpålagd undersøking for alle flyktningar, arbeidsinnvandrarar, studentar, familiegjenforeinte og au-pairar frå høgendemiske område.

### 4. Helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Undervisning, informasjon og rettleiing vert gitt utifrå den enkelte flyktning sitt behov og tilrådingar frå Helsedirektoratet. Døme på tema kan vere hygiene, kosthold, fysisk aktivitet, psykisk helse, kjønnslemlesting, foreldrerettleiing.

Barn vert innlemma i det ordinære programmet for helsestasjonsteneste/ skulehelseteneste i tillegg til innhenting av vaksinasjon og naudsynte helseundersøkingar tilpassa alder.

### 5. Tverrfagleg samarbeid.

Mange flyktningar har store og samansette helseproblem som krev eit godt tverrfagleg samarbeid og koordinering av ulike tenester. Helseavdeling har kompetanse og erfaring som er viktig i møte med flyktningane. Tenesta vil i framtida også være ein ressurs i høve andre einingar i kommunane.

### **Helsefremjande og førebyggjande arbeid**

Nyare rapportar viser at det er store helseskilnader mellom majoritetsbefolkninga og innvandrarar, og at flyktningar som kjem til Norge har auka risiko for å utvikle livstilsjukdommar som diabetes, overvekt og hjerte/ kar sjukdommar. Helseavdelinga kartlegg, diagnostiserer og behandlar kroniske sjukdommar, - også kroniske livstilsjukdommar. Målet er å ha fokus på det førebyggjande helsearbeidet mellom anna gjennom undervisning og informasjonsarbeid til utsette grupper.

### **Smittevern**

Ein del smitteførande sjukdommar som HIV, Hepatitt A, B, C og syfilis, er meir utbreidde mellom flyktningar enn i den norske befolkninga. Helseavdelingane har oversikt og kunnskap om dette feltet, og har gode system til å fange opp og behandle smitteførande sjukdom. Dei legg vekt på å sikre at informasjonen vert forstått, og prøver å gje den på pasienten sitt språk.

Tuberkuloseundersøking når flyktningane kjem til Norge viser at ein stor del personar er smitta med tuberkulose. Dette er eit omfattande arbeid. Mange av funna krev oppfølging og tilvising vidare til spesialist, og mange er aktuelle for førebyggjande behandling.

Helseavdelingane koordinerer tverrfagleg samarbeid med helsesøster, lege, spesialisthelsetenesta og heimesjukepleie som er særleg viktig i tuberkulosearbeidet.

### **Psykisk helse**

Flyktningar er i ei risikogruppe for utvikling av psykiske plager. Særleg utsette grupper er overføringsflyktningar, asylsøkarar og einslege mindreårige. Mange flyktningar er ikkje kjende med vår vestlege behandlingsmodell, og i mange kulturar er psykisk helse tabu å snakke om. Det gjer at mange som slit med psykiske problem ikkje ønskjer å bli tilvist til psykiatrisk behandling, eller dei sluttar etter kort tids behandling. Det er eit langvarig og ressurskrevande arbeid å ufarliggjere og etablere eit psykiatritilbud til denne gruppa.

Det er også viktig å etablere eit godt samarbeid mellom helsetenesta og dei som jobbar med oppfølging av personar med psykiske plager.

### **Flyktningbarn**

De fleste flyktningbarn har vore utsette for store påkjenningar. Mange har opplevd krig, traumer og tap av familie og nettverk. Foreldre er ofte prega av traumatiske hendingar, og kan av den grunn ha nedsett evne til å vere gode nok omsorgspersonar.

Barn av overføringsflyktningar er i ei risikogruppe. Helsekartlegging avdekkjer tidlig mange utfordringar i forhold til omsorgsevne hos dei mest traumatiserte foreldra. Mange er einslege mødre som sjølv har stort behov for helseoppfølging. Krava som vert stilte til kva dei skal meistre i det nye heimlandet fører ofte til at psykosomatiske plager vert verre. Det er nødvendig med ei tett oppfølging både i forhold til praktisk tilrettelegging i heimen og rettleiing i utøving av foreldrerolla. Flyktningtenesta har ikkje ressursea til å sette inn tiltak i forhold til praktisk hjelp og ekstra rettleiing til familiar som slit.

### **Utfordringar**

- Flyktningar har ein auka risiko for å utvikle livsstilsjukdommar som diabetes, overvekt og hjerte-/karsjukdommar
- Det er behov for ei betre samhandling i oppfølginga av personar som slit med psykiske plager
- Å etablere tidleg hjelp til sårbare familiar for å styrke foreldra sin omsorgskompetanse

## Mål for perioden 2014-2016

- Oppretthalde eit godt og likeverdig helsetilbod for flyktningar, med særleg fokus på dei spesielle helseutfordringar flyktningar har.
- Å kooridinere tilboda i dei to kommunane med mål om at dei skal vere like.
- Viktig at flyktningkonsulentane formidlar nødvendige opplysningar/informasjon og hjelper flyktningane med å velje fastlege.

### 7.10. Flyktingtenesta

Integrering av flyktningar er eit mangfaldig og omfattande arbeid. Ei viktig målsetting er at den einskilde så raskt som råd skal verte ein del av lokalsamfunnet både i forhold til språk, arbeid, skule, fritid, nettverk og liknande. Dette medfører eit stort fokus på praktisk tilrettelegging og individuelle løysingar.

Flyktingtenesta har 2 årsverk som vert brukt til å hjelpe flyktningane på mange område. Dei gir rettleiing og informasjon, legg til rette for aktivitetar, og gir også mykje praktisk hjelp til flyktningane. Mange dagar opplever dei at bemanninga er knapp. Og med aukande busetjing vil det truleg verte nødvendig å forsterke flyktingtenesta med ein miljøarbeidar.

Flyktingtenesta er kommunane sitt mottaksapparat for flyktningar som kjem. Det er flyktingtenesta som har kommunikasjon med IMDI og får melding om kva for flyktningar som har fått Skodje og Ørskog som bustadkommune. Flyktingtenesta skaffar bustader, og før flyktningane kan kome må desse vere klare. Tenesta møter flyktningane når de kjem til kommunane, og tenesta skal sikre at det vert gitt nødvendige meldingar til dei ulike tenesteområda:

- skule
- barnehage
- helseavdelinga

Gjennom flyktingtenesta sikrar ein at flyktningane vert meldt til opplæring og språkpraksis.

I det daglege arbeidet med å gjere seg kjende og finne seg til rette, støttar flyktningane seg på flyktingtenesta sine tilsette. Tenesta følgjer opp flyktningane sine behov på ulike område, og dei er med å legge til rette for deltaking i ulike tilbod i Skodje og Ørskog.

Flyktingtenesta skal legge til rette for auka kompetanse i lokalsamfunnet gjennom landkunnskapskurs, rettleiing og anna informasjonstiltak retta mot bedrifter og kommunale einingar.

Det vert ikkje gjeve særskilt informasjon frå det offentlege til innvandrarak om loaklsamfunnet dei skal busetjast i. Men det vert forventa at innvandrarak raskt kan tileigne seg naudsynt samfunnskunnskap. Ein føresetnad er derfor at innvandrarak sjølve er i stand til dette. Informasjonsarbeidet i høve flyktingane bør styrkast ettersom ikkje alle kan ta i vare dette behovet på eiga hand.

### **Butrening og kvinnegruppe**

Ein bør i tillegg til å tilsetje miljøarbeidar, også starte kurs og opplæring med målsetjing å auke bukompentansen. Til dømes bør ein vurdere å starte ei kvinnegruppe og arrangere samlingar for betre meistring av kvardagslivet i Norge.

### **Utfordringar**

- Sårbar teneste med få tilsette gjer det vanskeleg med tilstrekkeleg oppfølging i den første fasa ved busetjing, og er utfordrande for kvaliteten i det miljøterapeutiske arbeidet
- Samhandlinga mellom einingar og instansar som jobbar med flyktingane må verte betre.

### **Mål for perioden 2015-2016**

- Ein skal evaluere og avklare kor vidt flyktingtenesta sine praktiske oppgåver er organisert og lokalisert på ein effektiv og optimal måte i dei to kommunane.
- Diskutere og kome fram til felles forståing og reglar for bruk av hijab i barnehage og skular.

### **7.11. Bustad og busetjing**

Ein nødvendig føresetnad for at kommunen skal kunne ta i mot flyktingar er at det er tilgjengelege bustader. Ut ifrå andre kommunar sine erfaringar er det grunn til å tru dersom Skodje og Ørskog vidarefører vedtaka om busetjing av 5 nye flyktingar kvart år, og at talet innvilga familiegjenforeiningar ikkje aukar ytterlegare, - så kan ein rekne med at behovet for bustader vil halde seg om lag konstant. Det som kan gje auka behov for bustadar, er vedtak om å auke talet på nye flyktingar og særleg om ein får mange einslege.

Det er pr i dag ikkje behov for spesialtilpassa bustadar, men mange vil truleg ha behov for kontakt med hjelpeapparatet, td flyktingkontoret fleire gangar for veka. Dei fleste har ikkje eigen bil og første busetjing bør derfor skje i område med godt kollektivtilbod.

Kommunane bør sette eit fast, årleg måltal for busetjing av flyktningar, slik at også behovet for bustader kan kvantifiserast. Noko som vil gjere eit målretta og langsiktig arbeid for å sikre høvelege utleigebustadar mogleg/lettare.

Mange av flyktningane må lære korleis det er å bu i norske bustader. Dei må få kunnskap om for eksempel lufting, innetemperatur, møblering, reinhald, avløp, avfallshandtering, varmekjelder, osv. Om ikkje, endar det ofte med hard bruk av bustadane, og påfølgande høge kostnader til reovering. For å førebygge slike utgifter er det viktig at flyktningane får oppfølging og opplæring, det er ikkje tilstrekkeleg med litt informasjon når de flyttar inn.

I arbeidet med busetjing er det viktig å ta tak i utfordringane rundt det å lære å bu i norske bustader, ved at flyktningar får utleigebustad frå kommunen for ei tidsavgrensa periode. Ein må då sikre at flyktningar tidlig får rettleiing og startar planlegging av eigen bustadkarriere. Målet bør vere at flyktningen skal eige eller leige egen bustad når dei er ferdige med introduksjonsprogrammet, - etter to eller seinast tre år. Gjennom ei slik bustadkarriereplanlegging kan ein sikre naudsynt gjennomstrøyming i utleigebustadane. Slik bustadkarriere-tenking er også god integreringspolitikk ettersom det føreset at flyktningar skal stå på egne bein på linje med andre innbyggjarar i kommunen. Når flyktningar skal etablere seg i egne bustader vil dei få hjelp til ein økonomisk gjennomgang frå flyktningkonsulentane og økonomiavdelinga i kommunen.

Erfaringane i perioden 2013 – 2015 viser at det er krevjande å få til avtalar om leige av eigna bustadar i den private marknaden. I Ørskog vil ein derfor tilrå at arbeidet med bygging av egne bustader i kommunal regi eller langsiktige avtaler om eigna bustader vert prioritert.

## **Desentral busetjing**

Så langt har kommunane praktisert ei sentrumsnær busetjing av flyktningar. Fordelen for flyktningane er at dei kan bu nær dei offentlege tenestene i sentrum, slik som flyktningtenesta, helseavdelingane og NAV.

Framover bør kommunane framleis busetje flyktningane sentrumsnært så lenge dei er med i introduksjonsordninga. Men når dei er ferdige med denne, har fått arbeid og førarkort, bør kommunane også legge til rette for ei desentralisert busetjing. Tanken er at dette vil medføre betre integrering i eit nærmiljø når ikkje alle flyktningane er busette på same stad.

## **Utfordringar**

- Einsidig busetjing av flyktningar i sentrumsområdet
- Kommunale husvere som kan nyttast ved busetjing og så lenge flyktningane er med i introduksjonsordninga.



- Flyktningar som blir buande i utleigebustader utover tidsavgrensa periode
- Mange flyktningar har behov for auka bu-kompetanse

### **Mål for perioden 2015-2016**

- Busette flyktningar får tildelt førstegangsbustad med avgrensa butid når dei kjem
- Flyktningar skal vere busette i eigen bustad (eigd eller leigd) innan to til tre år etter busetjing
- Gjennom samarbeid med Husbanken skal kommunane eller kommunane i samarbeid med andre, sikre tilgang på fleire eigna utleigebustader slik at ein kan nå busettingsmåla.
- Ein skal arbeide systematisk med bustadkarriereplanlegging for flyktningar med sikte på at flyktningar skal etablere seg i eigen eigd eller leigd bustad når butid i kommunal bustad er avslutta.
- Eit alternativ kan også vere å leige med tanke på å eige etter to år
- Kommunen skal medverke til realisering av bustadmål for flyktningane gjennom aktiv bruk av dei verkemidla som ein finn innanfor Husbanken sine ordningar.

## **7.12. Økonomiske rammer**

### **Integreringstilskot**

Integreringstilskotet skal dekke gjennomsnittsutgifter til integreringstiltak og administrasjon av desse i kommunane i busetjingsåret og dei neste fire åra.

Utgifter til integreringstiltak og administrasjon av desse omfattar sosialkontortjenester, innvandrar/ flyktningkontortjenester, administrasjon av introduksjonsprogram, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening, bustadar/bustadadministrasjonstenester, støttekontakt, det statlige tilskotet til einslege mindreårige, barne- og ungdomsvern, ekstratiltak i grunnskulen, kultur- og ungdomstiltak, barnehagar og felleskostnadar til desse områda.

### **Innbyggartilskot**

Kommunane mottar ordinært innbyggartilskot for flyktningane på linje med andre innbyggjarar som skal gå til å dekke meir generelle kommunale utgifter, infrastruktur mv.

### **Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar**

Kommunane får både ein samla sum får å drive opplæring i norsk og samfunnskunnskap for dei flyktningane dei tek i mot. Og ein får tilskot pr. flyktning for personar som er omfatta av rett og plikt eller berre rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 i

introduksjonslova. Disse summene vert fastsett av Stortinget kvart år, og varierer etter kor langt personane er komne i introduksjonsordninga og etter alder.

#### **Utfordringar:**

- Å til ei kvar tid ha oversikt over inntekter og utgifter på alle dei ulike tenesteområda.

#### **Mål for perioden 2015-2016**

- Få eit budsjettssystem med tydeleg samanheng mellom utgifter og inntekter.
- Sikre at kommunane utnyttar dei inntekter/tilskot som er mogleg innanfor ulike tenester.
- Ta i bruk det nye datasystemet som er utvikla spesielt for dei kommunale flyktingtenestene.

Den årlege evalueringa av flyktingtenesta skal omfatte:

- Organisering av dei ulike tenestene
- Samarbeids- og samhandlingsmodellar
- Disponering av inntekter

#### **7.13. Langsiktige mål for fireårsperioden**

- Innføre faste samarbeidsmøter mellom flyktingtenesta og avdelingar/verksemder som er involvert i arbeidet med flyktingar 2 gongar per år
- Innføre faste samarbeidsmøter mellom barnehagar, flyktingtenesta og helseavdelingane 2 gongar per år
- Flyktingtenesta skal sikre dialog og vere eit rådgjevande organ for dei einingane og organa i kommunane som avgjer saker i høve flyktingane
- Samordne informasjon på heimesidene til kommunane, med eiga fane for flyktingtenesta .
- Få ei samla oversikt og synleggjere klarere samanheng mellom inntekter og utgifter i flyktingarbeidet.
- Skape eit system som sikrar ledige barnehageplassar for nykomne flyktingar
- Vurdere kor vidt heile eller deler av barnehagetilskotet skal overførast til barnehagen som tek i mot barnet, - ettersom det gir barnehagen høve til å bruke ekstra ressursar i oppstartfasen
- Opprette innføringsgrupper eller klasser ved skulane
- Gjennomføre kompetansehevande tiltak for barnehage- og allmennlærarar

- Betre tilgangen på morsmåslærarar og tospråklege lærarar
- Kommunane skal kalle inn minst ein person med innvandrarbakgrunn til jobbintervju under tilsetjingar i kommunen, dersom dei er kvalifiserte søkjarar
- Til ei kvar tid ha tilstrekkeleg språkpraksisplassar
- Kommunane skal som store arbeidsgjevarorganisasjonar gå føre som gode eksempel, og må bruke fleire avdelingar til dette.
- Alle tenesteområda i Skodje og Ørskog kommune skal stille med språkpraksisplassar – til saman 8 - 12 årlege plassar.
- Det skal innførast fadderordningar i bedriftene, inkludert kommunane.
- Sikre at nykomne flyktningar får informasjon om kultur- og fritidstilbodet i kommunen.
- Idrettslaga, kor, korps og andre lag og organisasjonar skal oppfordrast til å legge til rette for at barn, ungdom og vaksne med flyktningbakgrunn kan engasjere seg i fritidsaktivitetar.
- Auke deltaking i frivillege lag og organisasjonar
- Skape ulike arenaer der flyktningar kan utøve eigne kulturelle aktivitetar og presentere dei for lokalsamfunnet i barnehagane, på skulane, ved kulturaktivitetar o.l
- Legge til rette for desentralisert busetjing av flyktningar
- Det skal arbeidast systematisk med bustadkarriereplanlegging for flyktningar med sikte på at flyktningar skal etablere seg i eiga eigd eller leigd bustad når tida i kommunal bustad er avslutta
- Flyktningtenesta skal i samarbeid med teknisk avdeling, økonomikontoret og NAV gje rettleiing og saman med flyktningen sjølv, utforme individuell bustadplan ved busetjing.
- Evaluering av psykiatritilbodet til flyktningar med sikte på betre samhandling og oppfølging av personar med psykiske lidingar.
- Kompetanseheving for tilsette som arbeider i kommunen når det gjeld flyktningar og psykisk helse etter traumer .

**Planen skal vere ein reidskap i arbeidet med å nå hovudmåla:**

1. Raskare og meir føreseieleg busetjing av flyktningar
2. God kvalitet i kvalifiseringsarbeidet
3. Berekraftig lokalsamfunnsutvikling
4. Effektiv ressursutnytting og verkemiddelbruk
5. Kunnskapsutvikling og god informasjonsflyt

Vedteken i kommunestyra i Skodje og Ørskog juni 2015.

**Vedteken av Skodje kommunestyre 16.06.15 og Ørskog kommunestyre 18.06.15**